



Inge Hermann Rydland  
Knapstadveien 18  
1823 KNAPSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/345 - 21/10753

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
17.02.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 173/3 Rydland

**Tiltak:** Ombygging og reparasjon av løe  
**Byggjestad:** Gbnr: 173/3  
**Tiltakshavar:** Inge Hermann Rydland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.01.2021. Tiltaket gjeld ombygging/påbygging og reparasjon av eksisterande løe.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi kan ikkje sjå at det er aktiv gardsdrift på eigedomen, men ein mindre del av marka (17 daa) vert slått og hausta av naboar. Heimelshavar har heller ikkje fast adresse på eigedomen. Tiltaket krev derfor at det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF (landbruks-,natur- og friluftsføremål) .
2. Tiltaket krev at det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5472. Dette gjeld også ved ombygging/påbygging av eksisterande bygning. Det er Vestland fylkeskommune som behandlar søknaden. Søknadsskjema finn du her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/byggegrense>.
3. Tiltaket må nabovarslast. Dette gjeld og søknaden om dispensasjon. Vedlagt følgjer naboliste.
4. Tiltaket må teiknast inn på kommunen sitt kart. Avstand til nabogrense og midt fylkesveg må gjevast opp. Vedlagt følgjer kart som du kan nytta.
5. Det må sendast inn planteikningar over alle plan. Du må oppgje samla bruksareal for bygget.

